

Modalen Kommune
Postboks 44
5732 Modalen

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr.	Dato
23/636 -2		Karen Weichert	414 42 726	16.05.2023

Offentleg høyring - Kommuneplanen sin arealdel for Vik kommune 2023 - 2034

Høyringa blir varsla i Sogn Avis med fylgjande annonsetekst:

Kommuneplanen sin arealdel for Vik kommune 2023 - 2034 - Høyring og offentleg ettersyn

Kommunestyret i Vik vedtok i møtet 4.5.2023 (saksnr. 030/23) å leggje planframlegg for kommuneplanen sin arealdel for Vik kommune 2023 – 2034 ut på høyring og offentleg ettersyn. Dette skjer i samsvar med plan- og bygningslova § 5-2, § 11-5 og § 11-14.

Høyringsdokumenta kan ein finne via Vik kommune sine nettsider, under «offentlege høyringar» der det blir vist til Vik kommune sitt digitale planregister på arealplaner.no. Dei er også tilgjengelege i papirform i tenestetorget på kommunehuset i Vik. Det vil bli gjennomført folkemøte om planframlegget. Desse blir haldne i Fresvik (30.5.23), Framfjorden (31.5.2023) og Vik (1.6.2023) og annonserte på kommunen sine nettsider.

Merknader til planframlegget må vere innkomne til Vik kommune innan 23.07.2023. Merknader skal sendast via kommunen si heimeside, «offentlege høyringar», eller til Vik kommune, Pb. 134, 6891 Vik i Sogn, eller som e-post til: postmottak@vik.kommune.no

Direkte lenkje til høyringsdokumenta i kommunen sitt digitale planregister er:
<https://www.arealplaner.no/vik4639/arealplaner/89>

Med helsing

Mats Helgås Sæterlid
Tenesteleiar plan- og forvaltning

Karen Weichert
Areal- og samfunnsplanleggjar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Vedlegg

Dok.dato
16.05.2023

Tittel
Sakspapir: Revisjon av
arealdelen til
kommuneplanen - Høyring
og offentlig ettersyn

Dok.ID
264406

